



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE SENTRALADM. FYLKESHUSET		
ARKIVNR.	FORR	USR <i>Gardem</i>
12 DES 2003		
K.KODAR		
SAKSH.	AMP	GRAD
<i>TSU</i>	<i>RA</i>	
O.L.	F.L.	S.L.

Regionalavdelinga
her

Sakshandsamar: Trond Sundby tlf.dir.: 57 65 62 49 E.post: trond.sundby@sf-f.kommune.no

Arkivkode
120 &13

Vår ref.
Arkivsnr.: 03/02994
L.nr: 024339/03

Dykkar ref.

Dato
12.12.2003

MELDING OM VEDTAK/SÆRUTSKRIFT HØYRING - NOU 2003:14 BETRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PBL

Fylkesutvalet gjorde i møte 10.12.2003 slikt vedtak i saksnr 0131/03.

1. Eit av føremåla med ny planlov er å medverka til auka balansert verdiskaping. Då må staten vere villig til å overføre reell makt til regionane gjennom langsiktige plankontraktar eller utviklingsavtalar, først då vil regional planlegging få legitimitet og kraft.
2. Fylkesutvalet meiner at framlegget til ny planlov kan bli eit viktig verktøy for regional utvikling under folkevald styring. Det føreset at statlege styresmakter legg den regionale planlegginga til grunn for eiga verksemd og planlegging, og forpliktar seg til å delta i gjennomføringa. Det må derfor bli etablert arenaer for forpliktande samhandling mellom regionalt og nasjonalt politisk nivå, der ein kan avgjere heilt sentrale problemstillingar og utfordringar i planprosessen. Slike ordningar bør fastleggast i lovteksten.
3. Fylkesutvalet støttar framlegget om at arealbrukskonfliktar generelt bør løysast gjennom ein planprosess etter plan- og bygningsloven (PBL) og ikkje gjennom planprosess etter særlov. Dette må også gjelde for energilova, lov om vassdragsregulering og vannressurslova i samsvar med fleirtalet sitt framlegg.
4. Innføring av konsekvensutgreiing (KU) i plansystemet må ikkje løyse ut meir rigide og unødvendig omfattande utgreiingskrav. Det vil true legitimiteten i plansystemet. Kommunar og fylkeskommunar må få høve til til å avgrense kva som er nødvendig å konsekvensutgreie i kvart planarbeid. Fylkesutvalet ber om at dette vert presisert i rettleiinga til lova.
5. Framlegget vil stille nye krav til kompetanse og kapasitet i planlegginga i ein oppstartsfase. Kommunane og fylkeskommunane må setjast ressursmessig i stand til å følge intensjonane i lova.

6. Fylkesutvalet meiner at godt planlagde og lokalt tilpassa tiltak, som ikkje er i strid med regionale miljø- og arealbruksinteresser, ikkje må bli stogga med ei generell tilvising til forbodet mot bygging i 100-meterssona. Fylkesutvalet ber om at dette vert presisert i rettleiinga til lova.
7. Dei fleste motsegnssaker gjeld avveging mellom ulike interesser, og er såleis av politisk art. Fylkesutvalet meiner difor at fylkeskommunen bør få avgjerdsmynde i motsegnssaker, men med høve for kommunen eller anna motsegnstyresmakt til å anke fylkestinget sitt vedtak inn for departementet.

Med helsing



Else Moen
utvalssekretær